



Andreas Birkeland  
Radøyvegen 1917  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/9156 - 21/67745

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.  
no

Dato:  
11.10.2021

## Innkreving av tvangsmulkt - gbnr 440/17 Tveiten øvre

Tiltak: avvik i tank  
Byggjestad: Gbnr: 440/17 Radøyvegen 1917  
Tiltakshavar: Andreas Birkeland

Viser til vårt brev av 18.01.2021 som omhandla administrativt vedtak nr. 094/21 med pålegg om retting av avvik knytt til septiktanken din.

Du hadde frist for skriftleg tilbakemelding til Alver Kommune innan **20.03.2021**.

Iverksetting av tvangsmulkt vart utsett etter at du ringte oss 09.04.2021 og informerte om at arbeidet var utført. Du skulle sende skriftleg dokumentasjon med bilete som viste at arbeidet var utført.

Alver kommune har pr. i dag **ikkje** motteke denne informasjonen.

Du vart i vedtaket av 18.01.2021 gjort merksam på at kommunen ville ilegge tvangsmulkt dersom utbetring av avviket ikkje var gjort innan fristen. Vedtaket om retting av avvik og tvangsmulkt er ikkje klaga på og er dermed rettskraftig.

### Størrelse på tvangsmulkt

Som informert om i vedtaket består tvangsmulka av følgande:

- Eingongsmulkt kr **15 000,-**
- Dagmulkt kroner 200,- per døgn frå den **01.04.2021**.

Pr. dags dato har dagmulka vært gjeldande i 194 døgn. Dette utgjør kr. **38 800,-**.

Totalt er tvangsmulka på kr. **53 800,-**.

## **Kva må du gjere for å unngå iverksetting av tvangsmulkt**

Du må innan fredag 22.10.2021 sende Alver kommune dokumentasjon på at arbeidet er utført.

Dersom arbeidet ikkje er utført, må du inngå skriftleg bindande avtale med røyrleggjarfirma og sende denne til oss. Arbeidet må kunne ferdigstillast innan 15.11.2021 og dokumentasjon på at det er utført må sendast Alver kommune innan 15.11.2021.

Ein slik avtale vil ikkje medføre at saka vert avslutta. Manglande gjennomføring vil medføre at tvangsmulkt vert iverksett med verknad frå 01.04.2021.

## **Innkreving**

Dersom du ikkje sender dokumentasjon til oss innan fristen vert tvangsmulka sendt til Statens Innkreivingsentral (SI). Du vil motta faktura frå SI som vil krevje tvangsmulka inn etter forureiningslova § 73.

Vi oppmodar deg om å sende oss etterspurd dokumentasjon så snart som mogleg.

## **Dokumentasjon og bilete sendast til:**

E-post: [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Brev: Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til «Arkivsaksnummer 20/9156», eventuelt gnr 440, bnr 17.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Mottakarar:**

Andreas Birkeland

Radøyvegen 1917

5936

MANGER